



Vang kommune
Tyinvegen 5161
2975 VANG I VALDRES
Att. Henrik Holen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Merethe Kleiven, 61266083

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon med Vang kommune om avlaupsnett tilknytt Beito reinseanlegg

Kontrollnummer: 2021.342.I.SFIN

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Henrik Holen (Avdelingsleiar vatn og avløp)

Frå Statsforvaltaren i Innlandet:

Merethe Kleiven

Andre deltakarar frå verksemda:

Halvor Eggen Pettersen (Avdelingsleiar vatn og avløp tom. 4. oktober.2021)

Morten Johan Johansen (Kommunalsjef teknisk og landbruk)

Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Innlandet:

Anders Waldemar Olsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon 20. september 2021 med Vang kommune gjeldande Vang avløpsnett tilknytt Beito reinseanlegg og overordna styring og planlegging av kommunens avlaupssystem. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Innlandet avdekkar 2 avvik og ga 1 merknad(er) under inspeksjonen.

Avvik:

Vang kommune har ingen hovudplan for avløp

Vang kommune har ikkje utført en miljørisikovurdering for ytre miljø relatert til avløpssystemet

Merknader:

Kommunens kunnskap om leidningsnett er mangelfull

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

21. oktober 2021	Merethe Kleiven	Tore Pedersen
dato	kontrollør	avdelingsdirektør

Statsforvaltaren i Innlandet

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: VANG KOMMUNE LANDBRUK OG TEKNISK	
Organisasjonsnr.: 874639532	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknytt næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Vang avlaupsnett tilknytt Beito RA	Anleggsnr.: 3454.0015.01
Kommune: Vang	Fylke: Innlandet
Anleggsaktivitet: Offentleg avlaupsnett	

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne, samt den overordna styringa og planlegginga av kommunens avlaupssystem. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin tilsynsaksjon for avlaupssystem som er ein nasjonal tilsynsaksjon i 2021 initiert av Miljødirektoratet.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Overordna planlegging og styring

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vang kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Vang kommune innan **10. desember 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing om korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfinpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Innlandet v/Merethe Kleiven.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 1. juli 2021. Det blei varsla gebyrsats 1, 33 800 kr, men på bakgrunn av berekna ressursbruk har vi redusert gebyret til gebyrsats 2, 27 100 kr.

Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Vang kommune må betale eit gebyr på kr 27 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Innlandet. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Innlandet (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Vang kommune har ikkje hovudplan for avlaup

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5, pkt. 6 og 8

Kommentarar:

Vang kommune har ikkje hovudplan/temaplan for avlaupsområdet. Ein hovudplan ska i fylgje kommunens planstrategi utarbeidast i 2022. Kommunen har såkalla rammeplan for enkelte områder i kommunen, utarbeida av kommunen sjølv eller på initiativ og i regi av private. Utarbeiding av hovudplan bør prioriterast då det er viktig for ein heilskapleg planlegginga og styringa av avlaupssystema i kommunen.

Avvik 2

Kommunen har ikkje utført ei miljørisikovurdering for ytre miljø relatert til avlaupssystemet

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5, pkt. 6 og 7

Kommentarar:

Kommunen har ikkje miljørisikovurdering for ytre miljø relatert til avlaupssystemet. Ei slik risikovurdering er eit viktig grunnlag ved utarbeiding av ein hovudplan for avlaup og eit viktig prioriteringsverktøy.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad

Kommunens kunnskap om leidningsnett er mangelfull

Kommentarar:

Som eit resultat av at Vang kommune ikkje sjølv driftar leidningsnett i Rauddalen, men har overlate drifta til Øystre-Slidre som mottar avlaupsvatnet, har Vang kommune lite kunnskap om eige leidningsnett. Som eigar av leidningsnett og forureininga, er det viktig at kommunen sikrar at dei har god kjennskap til leidningsnettets funksjon. Statsforvaltaren meiner at kommunikasjonen mellom kommunane i større grad burde formaliserast slik at informasjonsflyten mellom driftsansvarleg og eigar av leidningsnett sikrast.

8. Andre forhold

- Vang kommune ynskjer rettleiing på øvre kostnadsgrense for krav om å kople seg på offentlig avløpsnett.

Plikt til å kople seg til kommunalt avløp regulerast etter plan- og bygningsloven § 27-2, andre ledd:

«Når offentlig avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen, knyttes til avløpsledningen. Vil dette etter kommunenes skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.»

Kommunal og moderniseringsdepartementet har i brev av 10.05.2012 uttalt seg om deira tolking av "nærliggende areal" og «øvre kostnadsgrense for tilknytning». Det finnes også vedtak på fleir klagesaker gjeldene pålegg om å kople seg på kommunalt nett og kostnadane relatert til dette . På va-jus.no, finnes det mykje informasjon om sentrale juridiske spørsmål på VA-området, inkludert § 27-2 i plan- og bygningsloven.

- Vang kommune ynskjer tilbakemelding på om det ville være mogleg å adressere framtidig løyve for leidningsnettet som går til Beito reinseanlegg til Øystre Slidre og ikkje Vang.

Vang kommune vil få løyve etter forureiningslova for leidningsnettet i Rauddalen som er knytt til kapittel 14 reinseanlegget på Beito, Øystre-Slidre kommune. Avlaupsvatnet frå Rauddalen er per definisjon et kommunalt avlaupsvatn tilhøyrande Vang kommune, som også eig forureininga i denne samanheng. Den framtidige løyve for leidningsnettet frå Vang kommune som førast til Beito reinseanlegg vil derfor bli gitt til Vang kommune.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrenning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)